

## Referat

### Møte i Arbeidsgruppa 14.6.2011

Stad: Kommunehuset, Tokke kommune, Dalen

Frammøtte: Arne Kjellsen (fylkesmannen), Olav Bjørn Bakken (Tokke kommune), Jostein Kristiansen (Statkraft), Dorthe Huitfeldt (Vinje kommune), Ingrid Strande (Telemark fylkeskommune), Finn Johansen (Fylkesmannen), Helge Kiland (Faun), Birger Gauslå, Kai Brattestå og Bjørn Ivar Haukelidseter representerte Bandak fiskelag/Dalen sportsfiskarforeining. Olav Urbø (Tokke kommune) møtte under sak 2.

Forfall: Marilyn Marskar og Jon Tvittekkja hadde meldt forfall.

#### 1. Innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### 2. Referat frå møtet i arbeidsgruppa 21.2.2011

Det var ingen merknader til referatet.

#### 3. Orientering frå møte med Miljøverndepartementet om gjedde/rotenonbehandling

Olav Urbø hadde teke initiativ til møtet og orienterte om utfallet. Det var eit positivt og konkret møte, og Miljøverndepartementet (MD) gav uttrykk for at dei ville finne den millionen som trengst for ei rotenonbehandling til hausten. Før ein kan sette i gang med slik behandling vil det vera nødvendig å sende saka på høyring. Fylkesmannen vil søke om løyve frå KLIF, DN og Mattilsynet.

Det blei ikkje funne gjedde under prøvefisket ovanfor Hogga i fjor. Lysanlegget med strobelys er nå på plass og i drift. Kråbøl (NINA) meiner lys ikkje fungerer optimalt for gjedde, og at det kan vera meir aktuelt med elektrosperre. Ei fagleg vurdering av behovet for vidare rotenonbehandling og andre tiltak er nødvendig.

#### 4. Vidare arbeid med storaurestamma i Bandak

Jostein Kristiansen orienterte om undersøkingane til NINA, som er eit triårig prosjekt som tok til i fjor. Det blei i fjor teke prøver frå 239 aurar frå deltaområdet. Prøvene viser at auren hadde svært låg tilvekst, og blei ikkje lengre enn 30 cm etter 9 år. Ein er usikker på forklaringa til dette. Ei samanlikning med tilveksten på fisk oppstraums Hogga kunne ha vore interessant. Teljinga av gytegroper blei problematisk pga stor vassføring i haust.

Det er ikkje lagt opp til noko registrering av botndyr i år. Dei planlagde temperaturmålingane kom ikkje i gang i fjor pga misforståingar, men kjem i gang i år. I år vil det også bli utført elektrofiske i Tokkeåi og frå spesialbåt i deltaområdet. Så langt er undersøkingane basert på eit friviljug opplegg frå Statkraft si side. Det er ikkje gitt noko pålegg frå Fylkesmannen.

NIVA har utført fiskeundersøkingar i Grungevatn, Tveitevatn og i Førsvatn i 2010. Rapport vil bli vidaresendt.

Fiskarane og fiskelaget i Bandak ved Gauslå, Haukeliseter og Brattestå var kritiske til undersøkingsprogrammet og etterlyste betre kommunikasjon frå Statkraft si side. Slik det fungerer i dag gjeng mykje av informasjonen via NINA, i staden for å kome frå Statkraft direkte. Dialogen med Statkraft fungerte svært bra i 2010, men har vore dårleg i år. Dei etterlyste særleg botndyrundersøkingar og meir kunnskap om niauge i deltaområdet.

Dei siste 10 åra har Bandak vore tappa ned også om hausten, i samband med revisjonsarbeid på kraftverka frå Hogga og nedover. Det blei reist spørsmål om kvifor Bandak skal tappast ned av omsyn til Cappelens kraftverk. Fiskarane ønskjer å ha vurdert dei juridiske sidene ved konsesjonsreglementet for Hogga kraftverk, og vilkåra for å bruke Bandak som reguleringsmagasin. Bjørn Olav Bakken vil ta kontakt med LVK om dette.

I 2012 vil det setjast i gang arbeid med rehabilitering av Hogga dam og tetting av sluser. Statkraft lova å gje full informasjon om dette, så snart dei veit noko meir om planane. Elles meinte Kristiansen at Bandak har vore regulert innanfor konsesjonsreglementet, med tapping ned til LRV dei siste 100 åra. Det mest uheldige for fisken var nedtappinga om hausten, som det nå er slutt på.

Fiskarane var også skeptiske til dei føresetnadene Statkraft sette for arbeidet til Høgskulen i Telemark (HiT) og NINA, særleg om at tiltaka ikkje skulle krevje meir vassføring. Sterkare medverknad frå Fylkesmannen blei etterlyst. Fylkesmannen bør vera med og legge føringar for dei undersøkingane som blir gjort. Fylkesmannen må levere kravspesifikasjon og ta meir styring. Det vil også bli nødvendig å trekke med seg Midtre Telemark vassområde i diskusjonen om Bandak.

Haukeliseter kom med ideen om å gjera Lio kraftverk til eit miljøkraftverk spesielt innretta for omsynet til storaurestamma i Tokkeåi/Bandak. Det vil kunne kallast grønt kraft og gje Statkraft ein miljøprofil.

Fiskarane ønskjer å få det gamle hovudlaupet til Tokkeåi restaurert og meiner ein ikkje kan sjå på minstevassføring isolert. Kristiansen meinte ein ikkje kan gjera for store endringar så lenge undersøkingsprogrammet varer, av omsyn til grunnlaget for undersøkingane.

Det blei konkludert med at arbeidsgruppa skal halde fram som kontaktforum for interessene i revisjonssaka og arbeidet etter vassforskrifta, og at ein til neste møte inviterer prosjektleiar i Midtre Telemark saman med representantar frå Nome kommune og grunneigarar og fiskarar i Lunde. Møtet bør leggst til Hogga kraftstasjon. I tilfelle plassmangel må andre møtelokale vurderast.

Dialogen med Statkraft skal bli betre. Informasjon frå vassområda skal heretter leggst ut på Vassportalen. På kommunesidene vil det vera nok med ein link til det som blir lagt ut der. Helge tek kontakt med Line Fjellvær i DN om spørsmålet.

## **5. Overvakingsprogram**

Forslaget til overvakingsprogram med finansiering blei godkjent slik det ligg føre. Vassregionen har varsla at dei vil prøve å få på plass ein søknad om rammeløyve frå hausten. Telemark fylkeskommune kan bidra med midlar for å rullere overvaksingsplanen. Helge Kiland tek seg av oppdragsavtala for 2011, med fullmakt til å signere.

## **6. Fullkarakterisering**

Fullkarakterisering skal vera fullført og sendt til høyring frå februar 2012. Vest-Viken lagar presentasjonsmal. I Tokke-Vinje vassområde har Faun Naturforvaltning gjennomført fullkarakterisering, og bed om tilbakemelding frå Fylkesmannen. Det kjem stadig nye applikasjonar og forslag til forbetringar frå Lars Stalsberg, som mellom anna har lagt opp til at det skal kunne takast ut rapportar i form av faktaark. Ein kan ikkje oppdatere fullkarakteriseringa heile tida.

## 7. Oppfølging av tiltak

Hovdestadmogen:	Ein prosess er i gang. Møte blei halde 12.4.
Private kloakkanlegg:	Må ha eit forpliktande system for tilknytning til det offentlege nettet. Må plikte seg til ansvar og kontroll. Dorthe Huitfeldt lova å få med seg Magne Tveiten frå teknisk etat på neste møte.
Sanitærreglement:	Vinje kommune slit med å få dette på plass. Størst problem for Farhovdtjønn (bakteriologi).
Masseuttaket Velemoen:	Dorthe Huitfeldt følgjer opp dette.
Landbruk:	Dorthe Huitfeldt vil henge på landbruksetaten. Viktig med omsyn til planar om nytt storfjøs ved Lognvikvatn.

## 8. Revisjonsdokumentet

Statkraft er ikkje nøgd med NVE si behandling, og ønskjer oppklaring av ein del spørsmål knytt til gråsona for det som skal vera med i revisjonssaka. Statkraft vil skrive til NVE og be om ei nærare vurdering av kva som er innanfor retningslinene for revisjonssaker.

Oppfylgning av standardvilkår treng ikkje behandlast i revisjonsdokumentet, men kan diskuteras nå som helst med kommunen og Fylkesmannen. Kunne såleis ha vore drege ut av revisjonsdokumentet. Det er tvilsamt om det blir tid til synfaringar i sommar, da dokumentet ennå ikkje har vore lagt ut til høyring.

Vedtak om endringar i samsvar med standardvilkåra er forvaltningsvedtak som skal kunne påklagast. Døme er vedtak om miljøbasert vassføring.

## 9. Ymse

Plan for bygging av nytt Haukeli kraftverk har vore ute på høyring, med frist 30.5. Fylkesmannen har fått forlenga frist. Kraftverket vil gje meir stabil vassføring, høg brukstid og ha omløpsventil. Det er viktig at anlegget blir utført slik at det ikkje fører til ytterlegare erosjon og transport av lausmassar i elva.

Behovet for målepunkt og vilkåra for å hente opp informasjon om vassføring og vasstand blei understreka.

I staden for nedtapping av Bandak for revisjon av Hogga dam ville ein mellombels støttedam ha vore betre. I følge Statkraft er det gjort grunnundersøkingar i området som viser at det er svært langt ned til fast grunn.

Kai Brattestå har gamle djubdekart som viser at Bandakdeltaet ikkje lenger er noko aktivt elvedelta.

Det er planlagt rotenonbehandling ved Hogga så snart kanalen har stengt, dvs etter 25.9.

## 10. Neste møte

Neste møte i arbeidsgruppa er bestemt til torsdag 4. oktober 2011. Tokke kommune inviterer til møtet. Statkraft ordnar med lokale og mat. Møtet blir organisert som eit temamøte frå kl. 10 til 12 og arbeidsgruppemøte frå kl. 12 til 14. Telemark Jeger og Fisk, Lunde Jeger og Fisk og Landsmarka Jeger og Fisk blir invitert, i tillegg til Eidselva grunneigarlag. Elles møter prosjektleiar og lokal medlem av Midtre Telemark vassområde.

Fylkesmannen tek initiativ til eige møte om undersøkingane til NINA. Kai Brattestå representerer fiskarane på Dalen.

Grendemøte med orientering om tilstanden i Grungevatn og Tveitevatn med meir blir utsett til over nyttår, når overvakingsresultatet frå 2011 er klart.



Helge Kiland